



FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 1 - APRIL 2025
ÅRGANG 48



Den tomme krossen



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802

hary@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335

eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Redaksjonelt

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

Biskop Ragnhild Jepsen

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syngje «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdige om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta



inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjør med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

Døden må vike for Gudsrikets krefter!

Livet er gjemt i et jordekket frø.

Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.

Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Døden må vike for Gudsrikets krefter!

Svein Ellingsen

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Du som var død er vår Herre i dag!
Kristus, du lever og står ved vår side
her hvor vi rammes av jordlivets slag.*

*Selv om vi føler oss svake i verden,
bærer vi med oss et grunnfestet håp:
Livets oppstandelse påskedagsmorgen,
underet skjedde på ny i vår dåp.*

*Livet og døden, ja, alt er forvandlet!
Dåps-vannet gjenspeiler regnbuens pakt.
Troen er gitt oss: Guds rike skal seire!
Mørket som binder oss, mister sin makt.*

*Løftet står fast når vår fremtid er truet:
Ingen skal rive oss ut av Guds hånd!
Engang skal Gud få sin skapning tilbake.
Verden bli frigjort fra fiendens bånd!*

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jord-dekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se i oppstandelsens lys skal vi dø.*



Foto: Freepik

Kyrkjeskys

Vil du ha skys til kyrkja?

Då ringjer du ein av desse karane innan laurdag, så ordnar vedkomande med at du blir henta, og at du kjem deg trygt heim etter gudstenesta søndag.

Johannes Nesse 53 49 91 07

Nils K. Rydland 90 65 16 17

Rasmus Fitjar 91 82 41 58

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 6. juni til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 17. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Marie Willemse

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Tårnagentar 2025



Foto: Ole Sandvik

Randi Lønning Matre

Laurdag 15. februar var det Tårnagent-helg i Fitjar kyrkje. 16 agentar vart tatt opp som tårnagentar denne ettermiddagen. Opptakskravet var å gå gjennom ei løype. For å komme inn i agenthola måtte dei seia eit passord. Inni hola fekk dei agentbevis med fingeravtrykket sitt på. Alle kom gjennom opptaksprøven. Vidare løyste dei mysterium, fant skattar, var på oppdagingsferd i kyrkja, åt agentmat og var på symboljakt. I tillegg til agentane var det ein flott gjeng med ungdommar med. Dei gjorde ein strålende innsats som gruppeleiarar og på stasjonar dei hadde ansvar for. Tusen takk for innsatsen.

Søndagen fekk dei kjekke agentane vere med å gjere gudstenesta til ei flott stund for både store og små. Dei fekk med seg ei gåve frå oss i kyrkja – ei bok og agentavis. Tusen takk til føresette og frivillige som er med i trusopplæringsarbeidet.



Foto: Randi Lønning Matre



Vårstemning på Fitjar kyrkjegard

Den gode kyrkjegardsarbeidaren vår, Kjetil Ragde, gler seg over at våren er på veg, og alle som kjem innom for å stella gravene dei har ansvar for.

Harald Rydland

Det er no lagt til rette for at komposterbart avfall kan sorterast ut og bli kasta i eigen dunk. Då er det viktig at plast, stål og anna materiale vert fjerna før kransar og liknande vert kasta i komposten. Me vil be om at batteri og elektronisk avfall vert teke med heim eller til gjenbruksstasjon. Det er ikkje ordning for slikt avfall på gravplassen. Stor takk til alle som heidrar dei avlidne med å stella fint med grava. Det er svært mange gode tilbakemeldingar å høyra om kor velstelt det er på Fitjar kyrkjegard.





Takk til Harald Johan

Etter 40 år gav Harald Johan Sandvik seg som klokkar på julaften, i ei fullsett kyrkje.

Halvard Wiik

Me kjenner Harald Johan frå mange samanhengar. Han er kanskje noko midt mellom ein lokal og ein nasjonal kjendis. Interessegelting hans er vidfemmande. Me nemner: aktiv i veteranbilmiljøet, forfattar, korsongar, opplesar, og ikkje minst rollemodell for den rikskjende «Ferdirentent».

Også Fitjar kyrkje har hatt stor glede av Harald Johan sin arbeidskapasitet. Då ny kyrkjelov vart innført 1.1.1997, og Fellesråd vart oppretta, gjekk han inn i ny stilling som løna kyrkjeveger/dagleg leiar. Den hadde han til 2013. Men lenge før, allereie 4.7.1982, tok han til som tekstlesar. Dette vart på mange måtar inngangsbilletten til å gå inn i klokkartenenesta då Ivar Vik slutta i 1992. Det vart då oppretta eit frivillig klokkarteam som etter kvart overtok ansvaret for heile klokkartenenesta. Dette dugnadsarbeidet har Harald Johan vore ein del av heilt til han slutta julaften 2024.

Inkludert tida som tekstlesar, har Harald Johan Sandvik hatt ei samanhengande teneste på over 42 år i kyrkja. Dette er truleg Fitjarrekord.

Me finn det naturleg å ta ein liten prat med Harald Johan når han no sluttar som klokkar, «berre» 76 år gamal.

Kva var det som gjorde at du begynte som klokkar?

Eg har alltid likt meg i kyrkja. At eg alt hadde vore tekstlesar i nokre år, gjorde det heilt naturleg for meg å svara ja då spørsmålet kom.

Korleis har du opplevd det å vera klokkar i Fitjar?

Lærerikt og meningsfullt - eg har aldri angra. For meg har det alltid vore viktig å sjå enkeltmenneske. Difor har det vore ekstra spennande å registrera nye ansikt som dukka opp i kyrkja. Då har eg av og til prøvt å finna høve til ein liten kontakt, slik at det kanskje kan verta litt enklare å koma igjen neste gong. Det er stort å oppleva når ein «sporadisk» besøkjande etter kvart utviklar seg til ein fast kyrkjegjengar som tydeleg tek til seg det som vert «servert».

Er det enkelthendingar du hugsar spesielt godt frå klokkartenenesta di?



Foto: Jan Overweg

TAKKOFFER 2025

Dato	Formål	Sum
01.jan	Sjømannskirken	3 800
05.jan	Fitjar Indremisjon	2 800
12.jan	Framnes KVGs, Lundaneset VGS, Kongshaug VGS	11 650
19.jan	Sunnhordlands-aksjonen NMS	7 600
26.jan	Stefanusalliansen	10 300
02.feb	Den Norske Israelsmisjon	6 100
09.feb	Misjonsprosjektet NMS	7 410
16.feb	Det norske bibelsselskap	5 652
23.feb	Bjørgvin si vennskapskyrkje, Cuba	9 600
02.mar	Kyrkjelydsarbeidet	6 030
09.mar	Blå kors	6 800
16.mar	Kyrkjelydsarbeidet	5 454
16.mar	Kyrkjelydsarbeidet (gudsteneste Helgatun)	2 650

Nei, egentleg ikkje. Klokkartenesta er ei «stabil» teneste der det meste er likt frå gong til gong. Kanskje nett dette er med på å skapa dei trygge rammene som mange finn nettopp i kyrkja. Eit høgdepunkt for meg var då biskop Hagesæter var på visitas i Fitjar. Me fekk veldig god kontakt – han var eit godt menneske.

Eg hugsar forresten ein gong eg tabba meg ut. Gunnar Salamonsen var vikarprest den dagen, og eg var klokker. Det skulle vera barnedåp, og i liturgien kjem den rett etter Kyrie og Gloria. Då me hadde sunge amen på Gloria, stod eg ved lesepulten og byrja å lesa. I det same såg eg to personar nede i kyrkja som såg først på meg, så på kvarandre og smilte overberande. No har eg gjort noko dumt, det er jo her dåpen kjem, tenkte eg, men måtte berre lesa vidare. Eg beklaga meg for presten etterpå, men forstod at eg var tilgitt før eg bad om det.

Så kom eg på ein historie som har med namn å gjera. Namn er lett å gløyma. Det var barnedåp, og i kunngjeringane seinare i gudstenesta skulle eg seia barnet sitt fulle namn. Etternamnet visste eg, men kva var fornamnet? Eg braut av kunngjeringane, var raskt borte hos presten: Kva er det guten heiter? Presten hugsar det, og eg kunne gå tilbake til lesepulten og gjera namnet kjent!

Me hørde ein gong ein mann, ikkje fast heimehøyrande i Fitjar, som sa følgjande: «Eg er av og til i Fitjarkyrkja. Når Sandvik er klokkar og les tekstane med si kraftige og

malmfulle røyst, skaper det ein underleg trygg atmosfære som er ei heil gudsteneste i seg sjølv». Kva seier du til ein slik karakteristikk?

Dersom folk opplever meg slik, så er eg veldig glad for det. Eg har jo tenestegjort under mange prester, og ein gong vart det kommentert slik av presten då eg kom inn i sakristiet: «No kom tryggheta».

Ein utanbygds mann som fleire gonger opplevde Harald Johan som klokkar, sa etterpå: «Han har ei god stemme. Han kunne ha lese i radio».

Kva skal du fylla søndagane med no vidare framover?

Eg kjem til å halda fram som ein stabil kyrkjegjengar.

Har du eit helsing til, eller kanskje eit ynskje for Fitjar kyrkjelyd vidare framover?

Tenesta mi i kyrkja har vore viktig og naturleg for meg, og eg har alltid vore glad i den. Den er ein del av mi teneste i Guds rike. Eg er takksam for dei åra eg har fått vera med. No unner eg ein ny klokkar å få oppleva det same som eg har gjort.

Eg vil helsa alle med verset frå Johannes 1.12: «Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans.»

TRENG DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 ♦ soschat.no

KIRKENS SOS



Kyrkjelydshelg til Helgaton

For 19. gong vart det tradisjonen tru arrangert kyrkjelydshelg på Helgaton 14. - 16. mars. Nær 60 deltakar hadde eit svært godt opphald med godt førebudd program, fantastisk mat og både åndelege og fysiske aktivitetar.

Tekst og foto: Tom Rydland

Tema for helga var "Saman er me mindre aleine", noko me fekk oppleve på fleire måtar.

Ein tredjepart av deltakarane var ungdomar frå 9-20 år, som raskt fann tonen og hadde gode samlingar og aktivitetar for eigen del. Myrkdalen er eit eldorado for aktivitetar innafor dei fleste ski-disiplinar, og både alpinanlegg, lysløype, turløyper og fantastiske forhold på Vikafjellet vart flittig nytta.

Alle var samla til kveldssamling fredag, morgon- og kveldssamling laurdag og til gudsteneste sundagen. Den "raude tråden" gjennom samlingane var bibelhistoria om Josef, fantastisk fint formidla av kyrkjelydspedagogen. Historia tok me med oss gjennom dagen, helga og heim til Fitjar når helga var omme. Samlingane vart krydra av flinke musikarar, og til og med eit "prosjektkor" fekk høve til å bidra på gudstenesta sundagen.

Det er allereie reservert helg, 17.-19. april, til neste år. Me unner enno fleire å oppleve denne samlinga. Her får du verkeleg mykje for pengane!

Takk til alle som bidrog i planlegging og gjennomføring av ei velsigna god kyrkjelydshelg.





Foto: Ole Sandvik



Eit nytt handslag til Mali på påskedag

Fitjar kyrkjelyd sitt engasjement for Mali lever og leverer. På nyåret fekk me ein oppglødd telefon frå NMS. Det var ei varm takk for innsatsen vår for misjonen i Mali. NMS brukar nemleg å ringja ein slik telefon til alle som samlar inn meir enn 50.000 kroner til prosjektet sitt gjennom eit år. Og me var altså mellom dei.

Herman Inge Aadland

Det vert sikkert ein liknande telefon til neste år også. For allereie til no i år har me sendt inn 30.221 kroner. Og når me får av garde gode offer frå gudstenestene på 1. påskedag og 1. pinsedag, er den saka temmeleg sikkert i boks. Det er berre flott og heilt rett! Prosjektet vårt ber frukt! Det kjem stadig oppmuntrande meldingar frå det spennande og spenningsfylte landet.

Her kjem ein liten repetisjon om kva NMS gjer i Mali: «Me vil nå ut med evangeliet om Jesus til fulanitalande

menneske. Fulaniane er eit nomadefolk med ein sterk og stolt tradisjon som dei ynskjer å bera vidare. I møte med denne tradisjonen har me valt å formidla Jesu ord og gjerning på ein måte som ligg denne tradisjonen nær. Det viktige er at kjernen i evangeliet vert forstått av mot-takar. Misjonærane brukar tid på å byggja relasjonar til einskildpersonar for å skapa tillit og respekt hos heile familiar og større klanar.» (Sitert frå NMS si heimeside.) Evangeliet er ei forfriskande kraft som skaper tru, tillit, frimod og oppreiste menneske.

Me oppmodar til forbøn og framleis levande engasjement for prosjektet!

Foto: Sigurd Egeland





Samling for dei som skal byrje på skulen

Når det nærmar seg påske, blir alle som skal byrja på skulen til hausten inviterte til samling i kyrkja. Det er påske som er tema.

Randi Lønning Matre

Ein fin gjeng fekk høyre forteljinga om Barabbas, fortalt med hjelp av duplo. Barabbas var ein mann som levde på Jesu tid. Ein mann som sat i fengsel fordi han hadde gjort mykje gale. Men så vart han sett fri, fordi Jesus vart straffa i hans plass. Jesus tok vår straff òg, då han døydde og stod opp igjen. Han opna vegen til Gud for alle menneskje.

Etter samlinga fekk dei gå rundt i kyrkja og gjere ulike ting. Dei laga mange fine duplokrossar som me skal pynte alteret med på Barnas påskefest. Dei fekk prøve seg på orgelet, leike med duplo, teste hukommelsen med Kims leik (dei var veldig gode) og vere med på å leike forteljinga med duplo ein gong til.

Me avslutta med bollar og kakao med krem på, til stor glede for både barn og vaksne!

Med seg heim fekk dei ei bok i gåve frå kyrkjelyden - «Tre i eit tre!»

Tusen takk til alle som kom, og til vaksne og ungdommar som var med!





Påskeveka 2025 - dag for dag

Etter gudstenesta ein påskedag for ein del år sidan, kom det ein begeistra bergensar inn i sakristiet i kyrkja vår. Han måtte berre få uttrykkja kor oppløfta og imponert han var over kyrkjelydssongen. Ja, han kunne tenkt seg å ta med eigen kyrkjelyd frå Bergen til Fitjar for «å lære menighetssang!», som han sa det. Det var ei hyggjeleg helsing.

Herman Inge Aadland

Påkehøgtida står sterkt i Fitjar. Det har ho alltid gjort. Og det skulle berre mangla. Det er jo påskehendingane kyrkja og alt Guds folk byggjer livet og eksistensen sin på. Det er dette me lever på som kristne, og det er dette me ein dag trygt skal døy på. Det er dette som held både i liv og i død! Det er sterke saker frå A til Å.

Me vil i år oppmoda folk om å få med seg mest mogeleg av det djupe og meiningsberande innhaldet i høgtida. I vår urolege tid er det dette me treng framom noko anna. Her er eit oversyn over gudstenestene våre:

Det startar **PALMESØNDAG**, 13. april: Maria salvar Jesu føter. Nettet snører seg kring han. Framleis er det tid og rom for halleluja og jubel, men Jesus veit kva veg det ber. Tekst: Joh. 12,1-13.

SKJÆRTORS DAG, 17. april: «Tida mi er komen,» seier Jesus. Så legg han livsverket sitt i læresveinane sine hender: «Dette er min kropp. Dette er mitt blod.» Det betyr: «Alt for dykk!» Og alt for oss! Ein utruleg sterk dag i høgtida. Tekst: Matt. 26,17-29.

LANGFREDAG, 18. april: Den lange fredagen, som på engelsk heiter både Good Friday, Black Friday, Holy Friday og Great Friday. Dagen Jesus døyr for oss. I staden for oss. Tekst: Matt. 26,30-27,50 eller Luk. 22,39-23,46

1. PÅSKEDAG, 20. april: Heilag forfjamsing og stor glede! Grava er tom, Jesus lever, og me skal få leva med han. Tekst: Matt. 28,1-8

2. PÅSKEDAG, 21. april: Emmaus tur-retur. Jesus opnar skriftene og openberrar seg for sørgjande vener. Returen skjer i største glede. Tekst: Luk. 24,13-35.

Velkommen til påskefest - alle dagar kl. 11.00 i kyrkja, 2. påskedag: Dåfjorden slipp kl. 12.00!





Velkommen som konfirmant i Fitjar kyrkje

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av.

Ordet konfirmasjon kan tyde både «å stadfeste» og «å gjere sterk».

Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når me ber ei bøn for deg. I bøna ber me Gud om å velsigne deg og styrkje deg på din veg vidare i livet. Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja. Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Me vil leggje til rette så godt me kan i samarbeid med føresette.

KONFIRMANT* 2026

INFORMASJONSMØTE I FITJAR KYRKJE TYS DAG 11. JUNI KL. 17.30

Dette er for føresette og konfirmanten.

Me håper du vil vere konfirmant hos oss.
Hjarteleg velkomen!

Påmelding og meir informasjon finn de på
www.kyrkja.no/fitjar.



Diakonitur til «Flor og Fjære»

Diakoninemnda inviterer til tur
til Flor og Fjære 10. juni

Det blir busstur, båttur, omvisning,
god mat og godt fellesskap.

Prisen er sett til 1.000,- per stykk

Bussen går frå Fitjar bedehus 08.00.

Påmelding frå 22.4 på SMS eller
telefon til Annbjørg Stjern Tvedt
470 18 264

Bindande påmelding innan 1. juni.





Skidag til Røldal med konfirmantane

Ein strålende fredagsmorgon. Det er skulefri, og konfirmantane møter 07.30 på bussen, klare for ein fin dag. Det er god musikk frå baksetet. Praten går, og sola skin! Dette kan bli ein god dag!

Randi Lønning Matre

Bakkane er godt preparerte, og det er gode forhold. Ikkje ei sky på himmelen, og sola varmer. Eg hadde informert om at alle måtte ha gode kler, så eg trur ingen fraus denne dagen.

Konfirmantane og vaksne kosa seg i sola og snøen!

Kommentarar frå konfirmantar:

- Utruleg flott det som Gud har skapt.
- Veldig kjekk dag!
- Sosialt, god stemning.
- Snøballkrig. Veldig gøy!

Eg sit taknemleg på bussen på veg heim igjen og høyre på Carola frå baksetet «Fångad av en stormvind»

Tusen takk til både ungdommar og vaksne som var med og gjorde dagen fin.





Fasteaksjonen 2025

Du kan gjere ein skilnad!

Krigar og konflikhtar, politiske spenningar og klimaendringar – verda kjennest meir uroleg enn på lenge. Akkurat no er di og mi hjelp viktigare enn nokon gong.

Krigen i Gaza og krigen i Ukraina har prega nyheitsbiletela lenge. Rapportar om tørke, flaum, brannar og rekordheite kjem stadig, og frå mange kantar av verda. Samstundes går ei rekkje enorme humanitære kriser vi knapt høyrer om, føre seg, som krigen i Sudan. På toppen av dette ser vi nå dramatiske kutt i bistand til verdas fattige frå den største bidragsytaren av alle, USA.

Det er lett å bli motlaus. Men det er nettopp i desse dagar vi må samle alle gode krefter og gjere kva vi kan for dei mest sårbare. Du har høve til å vere med på å gjere ein skilnad. Den nest største bøsseaksjonen i landet er i gang – Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Tysdag 8. april kjem konfirmantar rundt i bygda med bøsse for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I fleire tiår har norske konfirmantar vore med på denne enorme dugnaden, som gjer det mogleg å rykke i kriser. Ta godt imot dei.

Med pengar frå denne innsamlingsaksjonen har det vore mogeleg å vere til stades for millionar av menneske som treng det mest.

Kirkens Nødhjelp nådde til dømes ut til over ein halv million menneske i Gaza i fjor med mellom anna vatn, mat og hygienepakkar. Vi deler ut naudhjelp til krigsofre i Sudan, og i Ukraina bidrar vi mellom anna med vatn, arbeid på mental helse og gjenoppbygging av infrastruktur.

I Zambia og store delar av sørlege Afrika har det vore ei langvarig tørke. Mange avlingar har kollapsa, men menneske som fått tilgang til vatn og lært klimasmart landbruk, har likevel klart å dyrke mat. Blant dei er Previncia på 13 år og familien hennar, som Kirkens Nødhjelp har møtt i samband med fasteaksjonen.

Fordi dei har klart å dyrke grønnsaker, har dei unngått svolt, og dei har fått inntekter. Difor har tenåringen fått både sko, klede og skulebøker av mora si.

Takka vere det store engasjementet til konfirmantar og kyrkjelydar, kan menneske få eit betre liv.

Vi ser at det nyttar! Vi håpar du og vil vere med på å gjere ein skilnad.



**DET ER HÅP I
EN DRÅPE VANN**

Nesten 800 millioner mennesker lever uten tilgang til rent vann i dag, på grunn av tørke, flom, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon og gi vann til dem som trenger det mest!



VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
act alliance



Gjevarteneste i Fitjar kyrkjelyd

Bli med på gjevartenesta og støtt trusopplæringa i Fitjar kyrkjelyd.

Dei siste åra har Fitjar sokneråd satsa sterkt på trusopplæring for barn og unge i kyrkjelyden. Frå bispedømet får me tilskot til å dekkja ca. 40 % stilling som trusopplærar, men ved hjelp av lokal finansiering har me greidd å auka stillinga til 90 %. Dette har opna for eit arbeid med stor breidde og høg kvalitet. Randi Lønning Matre, som har ansvar for trusopplæringa, er ein svært dugande medarbeidar. Gjennom året gjennomfører ho og sokneprest Olav Oma, saman med gode frivillige medarbeidarar, mange kjekke aktiviteter for dei unge.

For å halda oppe aktiviteten i trusopplæringa vert det brukt oppsparte pengar. Me ser no at det er behov for høgare inntekter for å halda aktiviteten gåande. Difor inviterer me til fast gjevarteneste for trusopplæringa i kyrkjelyden. Det er alt fleire personar som kvar månad gjev faste gåver til kyrkjelydsarbeidet i Fitjar, men me håpar fleire vil vera med.

Å starta gjevarteneste med fast trekk kvar månad er enkelt med løysingane som er tilgjengelege på mobil- og nettbank.

Stortinget synest vel om det frivillig arbeidet som føregår rundt i landet. Difor har dei vedteke å gje 22 % skattefrådrag for gåver til slike gode tiltak. Denne ordninga gjeld og for gåver til kyrkjelydsarbeidet i Fitjar.

Me som er med i komiteen for gjevartenesta har som mål å få inn kr. 20.000,- i gåver til trusopplæringa kvar månad. Om mange vert med, er det ikkje så store summen frå kvar som skal til for å nå målet.

Ta kontakt med ein av oss i komiteen dersom du ynskjer meir informasjon eller treng hjelp for å vera med på tenesta. Elles vil du finna nytting informasjon på kyrkja si heimeside www.kyrkja.no/fitjar og på Facebook.

Kyrkja sin bankkonto for gåver er 3546 29 05805

Mette Lambach, Roald Drønen, Harald Rydland

IKKJE SÅ GODT Å VERA

folk i slike tronge tider
men likevel

stå opp
med små lysningar

mellom alt
det som pressar

halde fram
desse valne hender

og prøva å gå ut
der du og eg trengst

Oskar Stein Bjørlykke



DEN TOMME STOLEN

i stova eit rop
like til verdsens ende

vegane vide
åra så mange

langt, langt borte
men så inderleg nær

ropet
er i deg all din dag

Oskar Stein Bjørlykke



Dette er trusopplæringa i Fitjar kyrkjelyd

Fitjar sokneråd sin plan for trusopplæring seier at kyrkjelyden skal ha årlege tilbod for alle barn og unge mellom 1 og 18 år. Her er alle aktivitetane som dei unge vert inviterte til å vera med på gjennom året:

- **Babysong:** Samling på Fitjar bedehus annan kvar tysdag kl.10:30 – 12:00. Babyar (0-18 månader) saman med ein vaksen. Songstund, og nistelunsj etterpå.
- **Småbarnsong:** Samling ein onsdag i månaden kl. 17:30 – 18:30. 2-4 åringar saman med ein vaksen. Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.
- **4-årsbok:** Undretur i kyrkja på laurdagen, og familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok på sundagen.
- **Den gode gjetar:** Samling for 5-åringar tidleg på hausten med tema sauer og den gode gjetaren. Dei blir inviterte til sundagsskulens dag.
- **Tårnagenthelg:** Utforsking og mysterieløysing på laurdag, og familiegudsteneste med utdeling av bok på sundagen, for alle som blir 9 år.
- **Påskesamling og Barabbas:** Samling onsdag ettermiddag kl. 17.00 for 6-åringar saman med ein vaksen. Song og bibelforteljing frå påsken, aktivitet og matbit.

- **BÅTEN:** Samling ved Storavatnet for 10- og 11-åringar med ulike aktivitetar.
- **Lys vaken:** Bli kjent med kyrkja for 11-åringar.
- **Ten-treff:** Eit rusfritt tilbod på fredagskveldar for ungdom frå 8. klasse og oppover. Samling på fredagar kl. 21:00-23:00 – bli med i Facebook-gruppa «Fredagskveld på Fitjar» Datoar for KRIK og Tentreff blir lagt ut på Facebookgruppa. Me følgjer skuleruta
- **Konfirmantar:** Samling i kyrkja annakvar veke fordelt i gruppe tysdag og onsdag og nokre fellessamlingar kl. 14:15 – 15:45. Tur til konfirmantfestival og skidag i Røldal i løpet av konfirmantåret.
- **Vidare:** Samling for ungdom i kyrkja ein tysdag i månaden kl. 19:30-21:00.
- **Familiegudstenester** gjennom året i kyrkja, på fjellet, i Dåfjorden, i Kråko m.m.
- **Skule-/barnehage og kyrkjesamarbeid** med blant anna skulegudstenester, påske- og julevandringar og barnehagebesøk.



LYS VAKEN

KONFIRMAN* 2025

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND

Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

ELON fagmøbler

Duo

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå

Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR

Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FBS

FITJAR BYGDASERVICE SA
BRØYTING - TREFELLING
Tlf: 53 27 72 01 KARL ANDRÉ: 99 77 03 12



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038

E-post:
post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER:

Mån, tirs, fre: 9-16

Ons, tors: 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

Fiks frisyren
hos oss!



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

www.gronavikjo.no

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningsenter

Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfont
902 27 978

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no

inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390

Interflora | Galleri Flora | Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

Kråko
Kråko Utvikling AS

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



KVERNENES
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639- baatbygg@kvernenesbaat.no



FOTTERAPEUT

med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



Fitjar
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

Videoen
Kiosk



Engevik &
Tislevoll a.s
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00
E-post:
post@engevik-tislevoll.no

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



Aarskog
Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

K.VOLDEN

Slekters gang

Døypete:

12.01.

Markus Vestbøstad

26.01.

Mia Eide Strand

09.02.

Theodor Salomonsen

16.02.

Theo Westvik Træet

23.02.

Kristoffer Helland-Petterteig
Ella Nonslid

08.03.

Lukas Korsvik Hjelland
Mari Korsvik Hjelland

09.03.

Miriam Gerhardsen
Lyka Emilie Tislevoll

16.03.

Johannes Bueide

23.03.

Hermine Lovise Tranøy
Adrian Tranøy
Magne Kleppe

Vigde:

22.02.

Andrea Hovstad Fjalsett
og Tobias Søvik Velle

Jordfeste:

Kari Vik

f. 23.12.1954 - d. 15.12.2024

Marta Ingeborg Ivarsøy

f. 18.04.1932 - d. 17.01.2025

Arthur Thorland

f. 08.05.1936 - d. 01.02.2025

Solveig Oliva Westerheim

f. 20.12.1922 - d. 10.03.2025

Viljan Siphelo Solbakken

f. 03.10.2010 - d. 23.03.2025



Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
06.04.	kl.11:00	4.s. i fastetida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
13.04.	kl.11:00	Palmesøndag	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
17.04.	kl.11:00	Skjærtorsdag	Olav J. Oma	Trusopplæringa
18.04.	kl.11:00	Langfredag	Olav J. Oma	
20.04.	kl.11:00	Påskedag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet NMS
21.04.	kl.11:00	2. påskedag	Olav J. Oma	Kirkens bymisjon Stord
27.04.	kl.11:00	2.s. i påsketida	Roald Drønen	Kyrkjelydsarbeidet
04.05.	kl.11:00	3.s. i påsketida	Olav J. Oma	Tentreff
07.05.	kl.19:00	Samtalegudsteneste	Olav J. Oma	Trusopplæringa
10.05.	kl.11/13	Konfirmasjon	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen
11.05.	kl.11:00	Konfirmasjon	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen
17.05.	kl.11:00	Grunnlovsdag	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
18.05.	kl.11:00	5.s. i påsketida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
25.05.	kl.11:00	6.s. i påsketida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
29.05.	kl.11:00	Venestemne Kr.h.fartsdag	Olav J. Oma	IMS
01.06.	kl.11:00	Søndag før pinse	Sven Harald Nilsen	Kyrkjelydsarbeidet
08.06.	kl.11:00	Pinsedag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet NMS
09.06.	kl.12:00	Friluftsgudst. Kidnavatnet	Olav J. Oma	Trusopplæringa
15.06.	kl.11:00	Treeings-søndag	Astrid Wilborn	
22.06.	kl.11:00	2.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
29.06.	kl.11:00	3.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	